



Born i feststemning på den årlege nyttårsfesten i Dønhaug Gardsbarnehage.

**Søknadsfristen for plass i barnehagane for neste barnehageår er 15. februar. Dønhaug Gardsbarnehage med 24 plassar fordelt på to grupper har ledig kapasitet. Ta kontakt med gardsbarnehagen eller bruk søknadsskjema som ligg på kommunen si heimeside.**

Det er ein generell nedgang i talet på born som søker plass i barnehagane. Dette gjeld for alle bygdene. Leiar i Dønhaug Gardsbarnehage, Helene Huse Bjørnebøle, fortel til Uskedalen.no at dei har vurdert drifta, men er komen fram til at ein vil halda fram med barnehage på Dønhaug. 22 av dei 24 plassane er i dag i bruk.

Borna i Dønhaug Gardsbarnehage er fordelt på to grupper, 0 til 3 år og 3 til 6 år. Gardsbarnehagen i Uskedalen har 4,8 årsverk fordelt på 6 tilsette. Barnahgen ligg fint til i eit særprega gardsmiljø med dyr og aktivitetar som høyrer garden til. I går vart til dømes den årlege nyttårsfesten gjennomført med heimelaga pølse, grønnsaker og potetstappe.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Helene Huse Bjørnebøle



Stivpynta og fin skal ein vera på nyttårsfest.